



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Bore kyrkjestove
Dato: 11.02.2025
Tid: kl. 19:00

Følgjande møte:

Elisabeth Kvamsøe Jørgensen
Hilde Eikeland
Ivan Fjeld
Junhild Voll Frøyshov
Marita Midtun Finstad
Terje Skår
Torunn Renate Bore
Åsmund Steinnes

Rolle

Medlem
Administrasjon
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Medlem

Dan Egil Skrikrud
Gunnar Thorset

Vara
Vara

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

25/001	Godkjenning av innkalling
25/002	Godkjenning av protokoll
25/003	Val av nytt misjonsprosjekt 2025
25/004	Ny kyrkjestove
25/005	Forslag til budsjett 2025
25/006	Støtte til Lovsangskonferanse
25/007	Jærgårds underskotsgaranti
25/008	Informasjon frå og til fellesrådet
25/009	Strategisamling 2025
25/010	Stillingsbeskrivelse menighetspedagog barn
25/011	Eventuelt

25/001 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 25/001 Vedtak:

Innkalling godkjent.

25/002 Godkjenning av protokoll

Forslag til vedtak:
Protokoll frå møte 10.12.24 vert godkjent.

BS - 25/002 Vedtak:

Protokoll frå møte 10.12.24 er godkjent.

25/003 Val av nytt misjonsprosjekt 2025

Forslag til vedtak:

Soknerådet ønsker å hasom misjonsprosjekt i Bore menighet frå august 2025.

Saksgjennomgang:

Soknerådet gikk gjennom forlag frå Uio om unådd folkegruppe i Asia, Ivan fortalte om NMS sitt arbeid i Japan og dei nye misjonærene som er sendt ut. Me snakka og om NMS sitt arbeidet i Laos med landsbyutvikling og menighetsbygging. Soknerådet tek opp att saka på neste møte, og tek då ei avgjerd på kva prosjekt me skal søtte dei neste 6 åra.

BS - 25/003 Vedtak:

- 1.Soknerådet tek endeleg avgjerd på møtet 11.mars om misjonsprosjekt.
- 2.Bore menighet vil ha ei rullering på misjonsprosjekt med 6 års intervall. Nytt prosjekt skal då veljast frå hausten 2031.

25/004 Ny kyrkjestove

Forslag til vedtak:

1. Soknerådet vil gå vidare i prosessen med modulbygget frå Haugesund, og innvilgar bruk av økonomiske middel til å greie ut saka.

2. Soknerådet skal haldast løpande orientert om ny kyrkjestove, og skal gjerne vedtak i alle saker som har ei økonomisk ramme utover 50 000 kr. Beløp under denne summen kan, i denne saka, disponerast av AU.

Vedlegg:

1. Referat frå komitémøte 25.01.25
2. Tegningar av modulbygget

Saksgjennomgang:

Det vart på kort varsel kalla inn til eit ope møte for alle interesserte. 12 personar møtte opp, i tillegg til soknerådet. Kyrkjeverge Arvid Kasperesen redegjorde grundig for prosessen som har vore angåande eventuelt kjøp av modulbygg.

Etter ein god samtale mellom sokneråd, menighetsmedlemmar og komité vart det konkludert med at vi ikkje går vidare i prosessen med å kjøpe dette bygget.

Det er for mange usikkerheitsmoment i forhold til både økonomi, praktisk tilrettelegging på så kort tid og om bygget er for stort for oss med tanke på straum, vedlikehald og så vidare. Under føresetnad av at målet er ny kyrkjestove innan 3 - 5 år, vart det vedteke å ikkje gå vidare med dette modulbygget. Komitéen jobbar vidare, og det blir sett opp gjevarteneste til føremålet snarast.

Kyrkjevergen blir rosa for god, rask og grundig jobb.

BS - 25/004 Vedtak:

Soknerådet ønsker ikkje å kjøpe modulbygget som er foreslått.

25/005 Forslag til budsjett 2025

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd vedtek forslag til budsjett for 2025

Vedlegg:

Forslag til budsjett Bore sokn 2025.

BS - 25/005 Vedtak:

Bore sokneråd vedtek forslag til budsjett for 2025

25/006 Støtte til Lovsangskonferanse

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd vil dekke konferanseavgift for Hanna og Ingvar Kjøllesdal til konferansen Lovsang 25.

Soknerådet ber dagleg leiar lage retningsliner for støtte til kurs/konferansar for frivillige.

BS - 25/006 Vedtak:

1. Bore sokneråd vil dekke konferanseavgift for Hanna og Ingvar Kjøllesdal til konferansen Lovsang 25.

2. Soknerådet ber dagleg leiar lage retningsliner for støtte til kurs/konferansar for frivillige.

25/007 Jærgårds underskotsgaranti

Forslag til vedtak:

Bore sokn vedtek ein underskotsgaranti for Jærgårds 2025 på kr 5 000

Vedlegg;

Jærgårds 2025, Brev til menighetene.

BS - 25/007 Vedtak:

Bore sokn vedtek ein underskotsgaranti for Jærgårds 2025 på kr 5 000.

25/008 Informasjon frå og til fellesrådet

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

BS - 25/008 Vedtak:

Saka vart tatt til orientering

25/009 Strategisamling 2025

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning

Saksgjennomgang:

Frivillighet blir tatt opp som tema på neste sokneråd.

BS - 25/009 Vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning

25/010 Stillingsbeskrivelse menighetspedagog barn

Forslag til vedtak:

Stillingsbeskrivelse for menighetspedagog i Bore sokn vert godkjent.

Vedlegg:

Stillingsbeskrivelse for menighetspedagog i Bore sokn.

BS - 25/010 Vedtak:

Stillingsbeskrivelse for menighetspedagog i Bore sokn vert godkjent.

25/011 Eventuelt

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte

Info mail; er det mulig å abonnere på heimesida?
DL sjekkar opp.

BS - 25/011 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering